

# Styrking av vassdragsvernet

Norske vassdrag er ein uvurderleg del av vår natur- og kulturarv. Dei representerer viktige naturopplevingar, artsmangfald og naturlege økosystem som har utvikla seg gjennom tusenvis av år. Frå dei store ikoniske elvene, Sjoa og Rauma, til alle dei små, lokale elver, er vassdraga både levestader for fisk, planter og dyr og ei kjelde til naturopplevingar, kvardagsturar og ei påminning om at elver og bekkar samstundes er forteljingane om vår felles natur- og kulturarv – geologisk og historisk.

For å ta vare på heilskapen av dei verdiar som vassdraga gjev oss, treng me tydeleg og langsiktig nasjonal styring som sikrar at me også i framtida har frittrennande elver over heile landet. Overordna planlegging for å hindra bit-for-bit nedbygging er viktigare enn nokon gong.

Sidan den første verneplanen for vassdrag vart vedteke av Stortinget i 1973, har det vore eit nasjonalt mål å sikra balanse mellom kraftproduksjon og vern av urørte vassdrag. Med 2/3 av dei store norske elvene allereie utbygga med totalt 1861 vasskraftverk, er det avgjerande å ta vare på dei attverande verna vassdraga. Dei verna elvene sikrar eit representativt utval av landet sine naturtypar og naturformer med tilhøyrande plante- og dyreliv. Dei er også vassdrag der naturlege prosessar får utvikla seg upåverka av menneskeleg aktivitet, og slik er dei ei kjelde til å forstå den naturlege utviklinga i naturen.

I dag er vassdragsvernet under press. Forslag om å opna for meir kraftutbygging i verna vassdrag skapar uro og utfordrar det nasjonale kompromisset som har vore grunnlaget for ei langsiktig og berekraftig forvaltning av våre vassdrag.

DNT ser difor alvorleg på at Stortinget det siste året har fått opp fleire saker med intensjon om å tillata meir vasskraft i verna vassdrag. Særskild vedtaket i Stortingsmelding om flaum og skred der ein gjev ei generell opning for konsesjonshandsaming av store kraftverk i verna vassdrag. Det er ikkje rom for å bygga ned dei verna elvene våre utan at me mistar den mest verfulle naturen me har.

**Med bakgrunn i dagens situasjon, oppmodar DNT Stortinget om å:**

## **1. Styrka vassdragsvernet**

Verna vassdrag skal ikkje opnast for kraftutbygging. Dette er avgjerande for å ta vare på naturmangfaldet, sikra stabile økosystem og etterlata ein intakt naturarv til framtidige generasjonar. Utholing av vassdragsvernet vil føra til tap av verdifull natur.

## **2. Respektera vernet som eit samfunnsforankra kompromiss**

Vassdragsvernet må vera eit sentralt verktøy for å sikra heilskapleg og berekraftig forvaltning av norske vassdrag. Verneplan for vassdrag representerer eit breitt forankra kompromiss som sikrar ro og rammer for ei trygg samfunnsutvikling. Denne planen må oppretthaldast for å unngå nye konfliktar om naturressursane, og sikra tilliten til langsiktig nasjonal planlegging.

## **3. Stansa bit-for- bit nedbygging**

Terskelen for småkraftutbygging i verna vassdrag må hevast, og det må sikrast betre kontroll med sumverknader av slik utbygging.